

Hanne Haugen og Torgeir Mundal  
Gnr161/brnr 1  
Våteviksvegen 7  
6848 Fjærland

Fjærland 12.10.21

Til  
Sogndal kommune  
v/ ansvarleg for matrikkelføring

## Retting av matrikkel

Hei igjen!

Ved utskriving av eigedomsskatt i haust vart me merksame på at det var ein del feil i matrikkelen vår. I samband me klage på eigedomsskatt på andre folk sine naust, ba me om rettleiing på korleis me skulle gå fram for å få retta opp i dette, men sidan gode svar har lete vente på seg har me lese oss litt opp på emnet sjølve.

I følgje lov om eigedomsregistrering §25 skal matrikkelen oppdaterast når kommunen får kjennskap til at opplysningane om ein bygning ikkje er i samsvar med dei reelle forholda. Under finn de difor ein tabell over bygningar som feilaktig er ført på vår matrikkel. Me tek og med kva matrikkel bygga skal førast på. Håpar dette er til hjelp for dykk i opprettingsarbeidet.

Matrikelnummer	Skal førast på	Type bygg
177075043	161/2, Hôla	Naust
177075035	159/3 Nedste Våtevik	Naust
177075027	158/1, Øvste Supphella	Naust
177075019	160/1, Horpedal	Naust
177074993	156/1 og 156/4, Skarestad	Naust
177074985	160/1, Sjonarhaugen	Naust
13181683	160,3	Naust
13180377	156/2, Skarestad	Naust
9935983	160/5, Haugen	Naust
177075000	158/2, Nedste Supphella	Naust

I tillegg kan det i grunnboka sjå ut som naust 177075051 som tilhøyrrer 161/9 (hytte) står på oss sjølv om det ikkje var med i skattekravet vårt. Naustet er ført opp som anneks til den nemde hytta.

Reknar elles med at dei rettmessige eigarane, om dei alt ikkje har gjort det, kjem til å ta kontakt for å få orden i dette. Det er viktig at bygga kjem på rett eigar då eit naust vil vera ein meirverdi på ein gard. Me gjer og merksame på at det kun er bygga som er feilførde. Grunnen er framleis eigd av 161/1.

Nemner og at fritidsbustaden med nr 9933557 i røynda er ein trafostasjon.

Mvh Hanne Haugen og Torgeir Mundal  
Eigarar av gnr 161 brnr1, Stølen

Epost: hanhau72@gmail.com/t.mundal@online.no

Hanne Haugen og Torgeir Mundal  
Våteviksvegen 7

6848 FJÆRLAND

## Svar - Retting av matrikkel g/bnr. 161/1

Det blir vist til brev av 12.10 d.å. vedkomande oppmoding om retting i matrikkelen for naust som står på g/bnr. 161/1, men som ikkje er eigd av grunneigar nausta står på.

Matrikkelen er eit statleg register administrert av Statens kartverk for alle eigedomar, bygningar og adresser i Norge, men er ikkje eit eigarregister på bygningar der desse er plassert på anna eigedom enn eigar av bygningen. Dette er ein rettighet som ikkje vil visast i matrikkelen.

Det er rett som de skriv at kommunen skal rette matrikkelen når kommunen får kjennskap til at bygningen si registrering ikkje er i samsvar med dei reelle forholda. I dykkar tilfelle er bygningane registrert i samsvar med den eigedomen bygga fysisk er plassert, og følgeleg rett registrert.

Vi har konferert med Statens kartverk om det finnes andre muligheter for registrering, men fått tilbakemelding om frådelling eller oppretting av feste som ein mulighet. Samtidig gir dette andre rettigheter til nausteigar enn dei rettighetene dei har i dag og at dette kanskje ikkje er eit relevant alternativ.

Forstår at dette blir feil i høve skattetaksering etc, men er utan vår mulighet for endring.

Med helsing  
**Sogndal kommune**

Svein Ålhus  
avd.ingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.*

Kopi til: Skatt